

Ferjeflåten i Hordaland må fornyast!

I Hordaland er det mange ferjestrekningar, og fylkeskommunen, gjennom Skyss, er ansvarleg for drifta av dei aller fleste.

Ferjeamboda skal fornyast innan få år, det må då vera eit mål med ei kraftig oppgradering av materiellet – slik at det også vert fult ut universelt tilgjengeleg.

Dagens ferjer er gamle med hyppige driftsavbrot, og dei er heller ikkje særleg miljøvenlege.

Leirvåg – Sløvåg, Hufthamar – Krokeide og Jondal-Tørvikbygd er døme på ferjestrekningar med hyppige avbrot og lite forutsigbarhet. Dette får store negative verknader for næringslivet, og resten av dei reisande i dei ulike lokalsamfunna. Andre ferjestrekningar kunne også vore nytta som døme.

Hordaland KrF vil at fylkeskommunen alt no legg ein strategi for korleis ein kan få eit meir oppdatert ferjemateriell ved starten av neste anbodsperiode.

Frå KrF si side vil vi peike på 2 ulike modellar som bør vurderast i det vidare arbeidet:

1. Det vert gjort eit initiativ frå politisk leiing i HFK, til å invitera dei største ferjefylka og Samferdselsdepartementet inn i eit felles ferjefornyingsprogram, der staten vert ein viktig økonomisk medspelar.
2. Det vert etablert eit fylkeskommunalt infrastrukturselskap (etter modell av Nordland Fylkeskommune), som investerer i ein ny ferjeflåte som vert finansiert gjennom utleige til driftsoperatørane ved dei ulike strekningane. Dette selskapet treng også statleg medfinansiering.

Fordelen med eit slikt selskap er at det vil kunne gje fornyinga og finansieringa av ferjeflåten, ein meir langsiktig horisont enn berre 1 anbodsperiode, og dermed redusera risikoen for den enkelte driftsoperatøren til å måtta dekkja inn heile investeringa på kort tid.

Framlegg til vedtak:

Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe under SAMU, som skal arbeide fram ein modell for fornying av ferjeflåten på dei ulike ferjestrekningane i Hordaland

Pål Kårbø
Hordaland KrF